



OPUS Bergen AS  
Strandgaten 59  
5004 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/524 - 14/12931

Saksbehandlar:  
Kjersti Flatråker  
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:  
24.11.2014

## Plansak 12602011000500 - detaljplan - Snekkevika - kort notat etter møte 21.11.2014

### Tilstade:

Helge Grindheim, tiltakshavar  
Ambjørng Reinsnos, OPUS Bergen AS, utførande plankonsulent  
Tonje N. Epland, leiar teknisk forvaltning Radøy kommune  
Kjersti Flatråker, arealplanleggjar Radøy kommune

Utførande plankonsulenten hadde bedt om møte med kommunen for å gå gjennom merknadane som er komme til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn. Mange av merknadane kom og fram i informasjonsmøte som var halde 4. november 2014, der mange av grunneigarane møtte tiltakshavar, utførande konsulent og representant i frå planavdelinga i kommunen.

Vegen ned i Snekkevika er ein privat veg. Fleire av merknadane syner til at det ikkje er vegrett til meir enn 1 hytte på Grindheim sin eigedom på dagens tilkomstveg til Snekkevika. Dei gamle vegrettane til området gjekk over Haugstad, og det vert peika på at ein kan utgreie mogelegheit for å få dette til i samband med fortetting og for fleire hytter. I kommuneplanen ligg arealet som LNF – landbruk, natur og friluftsområde, samtidig som det er innafor byggjeforbodssona mot sjø. Plankonsulenten i OPUS vart utfordra på å syne alternativvurdering av vegtrase i plandokumenta, gjerne i planskildringa.

Det er komme merknad i frå Statens vegvesen på svingradiusen i avkjørsle til fylkesvegen. OPUS sjekkar med vegkontoret og Statens vegvesen sin handbok om det er krav til 9 meter svingradius slik Statens vegvesen har ynskja i merknaden. Vert vegarealet utvida må grunneigar i området varslast.

### Vidare prosess:

OPUS leverer inn reviderte plandokumenter til kommunen. Kommuneadministrasjonen legg saka fram for politisk utval for handsaming. Konsulenten hos OPUS reknar med å kunne ferdigstille plandokumenta før nytt år.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

OPUS Bergen AS

Strandgaten 59 5004

BERGEN